



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Henriette Ludvigsen, 5557 2093

Vår dato
30.01.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/7986 461.3
Dykkar referanse

Hardanger Energi AS
Postboks 33
5782 KINSARVIK

Brevet er sendt per e-post

Rapport frå inspeksjon ved Haugafossen kraftverk med Hardanger Energi AS 24. januar 2017

Rapportnummer: 2017.038.I.FMHO

Til stades ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
John Birger Stavenes
Magne Alpen

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Ingrid Torsnes
Henriette Ludvigsen

Frå Spilde Entreprenør AS:
Audun Rio
Dag Frode Hustavenes

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann to avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- løyvet av 16.09.2016
- internkontrollforskrifta

Avvik og merknadene er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Hardanger Energi AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. mai 2017** på at avviket er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Henriette Ludvigsen
overingeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Jondal kommune
Spilde Entreprenør AS

1. Informasjon om verksemda

Namn: Hardanger Energi AS	Risikoklasse: 3
Besøksadresse: 5780 Kinsarvik	
Postadresse: Postboks 33, 5782 Kinsarvik	
E-post: post@HardangerEnergi.no	Telefon: 53 67 16 10
Kommune: Jondal	Organisasjonsnr.: 974743183
Bransjenr. (NACE-kode): 35.111 Produksjon av elektrisitet frå vasskraft	Eigar (org.nr.): 983502601

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Fylkesmannen ga Hardanger Energi AS den 16.09.2016 løyve til verksemd etter forureiningslova. Løyvet gjeld utslepp i anleggsperioden under bygging av nye Haugafossen kraftverk i Jondalselvi i Jondal kommune. Det inkluderer utslepp av vatn frå sjaktboring, tunneldriving, avrenning frå deponering av masser og utfylling på land, samt støy og støv. Hensikt med inspeksjonen var å kontrollere at Spilde Entreprenør AS på vegne av Hardanger Energi AS utfører anleggsarbeidet i krav med regelverk og vilkår satt i løyvet, og at Hardanger energi AS som er byggherre syter for at dette blir gjennomført.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- utsleppskontroll
- overvaking av resipient
- internkontroll
- avfall
- substitusjon av kjemikal
- støy
- ansvarsforhold og avtaler mellom byggherre og entreprenør

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avviket som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. mai 2017** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i brev av 6. januar 2017 at Hardanger Energi AS vil få eit gebyr på 14 600 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

De har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har fått denne rapporten, jf. forvaltningslova § 28. Klagen må innehalde den eller dei endringane de ønskjer. Den bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrolllova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 16.09.2016 gitt til Hardanger Energi AS

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har ikkje oppfylt alle vilkåra i løyvet

Avvik frå: Løyve av 16.09.2016

Kommentar til regelverket:

Løyvet setter krav om at verksemda skal gjennomføre målingar av utslepp til vatn. Målingane skal som et minimum omfatte olje, pH og suspendert stoff.

Verksemda skal også sørge for overvaking av verknaden av utsleppa til Jondalselvi etter eit overvakingssystem. Overvakinga skal omfatte verknaden av tiltaket på elvededimentar som habitat og gyteområde for laks og sjøaure. Elvededimentar før, underveis og etter tiltaket skal de undersøke, slik at justeringar kan gjerast underveis og de kan stoppe uønskt utvikling.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda har ikkje gjennomført målingar av utslepp til vatn. Det er heller ikkje gjennomført overvaking av resipienten i forkant av tiltaket, eller innhenta rapportar frå tidlegare undersøkingar.

Avvik 2: Verksemda sin internkontroll har manglar

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

Kommentar til regelverket:

Verksemda skal i følge internkontrollforskrifta ha skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på forureiningsregelverket.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Verksemda manglar rutinar for kontroll med at utførande entreprenør følgjer krava sett i løyvet til forureining i samband med bygging av Haugafossen kraftverk.

8. Andre forhold

Prosjektvarighet er 2 år, men drivinga av tunnelen skal bli avslutta sommaren 2017.

Under tilsynet vart det avtalt at verksemda berre skal ta prøver i resipienten, ei prøve oppstrøks og ei nedstrøks det området som vil ha tilsig av vatn frå tunneldrivinga.